

Tilskot frå Den norske kyrkja til trusopplæring, diakoni og kyrkjemusikk i Bjørgvin

Nedanfor er informasjon om tildeling av tilskot til fellesråd i Den norske kyrkja ved Bjørgvin bispedøme, og informasjon om rapportering for bruk av tilskot.

Tildeling av tilskot for 2022

Bjørgvin bispedømeråd vil utbetale tilskot til fellesråda i ein termin fortløpande etter at rapport frå 2021 er levert.

Vi minner om at rekneskap for den tildelte summen for 2021 skal innrapporterast til bispedømet så snart som mogleg i 2022, men seinast innan 15. mai 2022. I tillegg skal revisjonsberetninga til fellesrådet sendast til bispedømerådet så snart den finnast.

Rekneskapsrapport

Rekneskap for den tildelte summen for 2022 skal innrapporterast til bispedømet så snart som mogleg i 2023, men seinast innan 15. mai 2023. I tillegg vil vi be om at eventuelle revisjonsmerknader i nummererte brev får revisor, vert send til bispedømerådet så snart dei måtte liggja føre.

Tidleg rapportering medfører tidleg utbetaling.

Rekneskaperen skal rapporterast på fastlagt skjema: https://intranett.kirken.no/nb/arbeidsstotte/administrasjon_og_okonomi/felles-okonomienhet---regnskap/tilskuddsforvaltning11/ (Excel-skjema med både bokmål og nynorsk versjon i kvar si fane). Du finn også dette nedst på denne sida.

For dei fellesråda der ein mottek fleire typar tilskot skal det sendast inn ein rapport for kvar kategori.

- Diakoni og undervisning: Merk med arkivreferanse 22/00653
- Trusopplæring: Merk med 22/00652 (del 2)

Rapportane skal sendast til : bjoergvin.bdr@kyrkja.no

Del 1 - Tilskot til stillingar innan diakoni, undervisning og kyrkjemusikk

Tilskot til stillingar innan diakoni, undervisning er regulert av tenesteordningar og kvalifikasjonskrav for diakon og kateket. Full tildeling legg til grunn at det er vigsla diakon eller kateket i stillinga.

Om det ikkje melder seg søkerar som oppfyll kvalifikasjonskrava, kan bispedømerådet, for stillingar med finansiering frå bispedømerådet/ kyrkjerådet, etter søknad, godkjenne at stillingane midlertidig vert gjort om til ei stilling innan diakoni eller undervisning. I slike tilfelle kan tilskotet verta redusert med inntil 20 %.

Tenesteordninga for kateket og diakon slår fast: «Eit vilkår for vidare tilskot er at arbeidstilhøva vert tilrettelagd slik at den tilsette får anledning til vidareutdanning for å kvalifisere seg for vigsling. Ved ny utlysing skal krava i tenesteordningane gjelda, eller ein må søke på nytt om midlertidig omgjering. Bispedømet forutset at fellesråda til ein kvar tid held bispedømet oppdatert med kven som er tilsette i stillingane.

For 2022 har vi følgjande tak på tilskota

Diakon: kr. 400.000,-

Diakoniarbeidar: kr 360 000,- (reduksjon på 10 % av tilskot - forutset relevant bachelorgrad)

Diakonimedarbeidar : kr 320 0000 (reduksjon på 20 % av tilskot diakon)

Kateket: kr 700.000,-

Kyrkjelydspedagog: kr 630 000,- (reduksjon på 10 % av tilskot kateket)

Kyrkjelydsmedarbeider: kr 560 000,- (reduksjon på 20 % av tilskot kateket)

Tilskot til kyrkjemusikalsk arbeid ved Bergen domkyrkje vert vidareført med kr 160.000,-

Del 2 - Tilskot til trusopplæring

Tildeling av øyremerkte midlar til trusopplæring i kyrkjelydar i Bjørgvin bispedøme i Den norske kyrkja.

Bispedømerådet tildeler fellesråd midlar til gjennomføring av trusopplæring for aldersgruppa 0-18 år i alle kyrkjelydar, innanfor fellesrådsområdet for 2022 i følgje vedlagte oversikt, i tråd med lokale planar.

Heile tilskotet for 2022 blir utbetalt, med eit eventuelt frådrag, etter avrekning av unytta midlar frå 2021.

Tilskotet fellesrådet no får tildelt til trusopplæring er basert på tildelingane som blei avtalt for kvar kyrkjelyd/samarbeidande kyrkjelydar i gjennomføringsfasen.

Fellesrådet si forvaltning av midlane

Vi viser til godkenningsbrev frå biskopen, godkjende lokale planar for trusopplæring i kyrkjelydane innafor fellesrådsområdet, dei oppretta stillingane, tidlegare avtalar og vedtak frå gjennomføringsfasen og Forskrift om økonomiforvaltning i sokn i Den

norske kirke av 01.01.2021. Tildelinga blir gitt til kyrkjeleg fellesråd etter § 17 i kyrkjeordning for Den norske kyrkja.

Målet er gjennomføring av ei systematisk og samanhengande trusopplæring for alle innanfor fellesrådsområdet i alderen 0-18 år, uavhengig av funksjonsevne.

Godkjende lokale planar for trusopplæring i fellesrådsområdet skal vere førande for bruken av tilskotet. Planen for trusopplæring, vedteken av Kyrkjemøtet 2009, er ein retningsgjevande plan for trusopplæringsarbeidet i den einskilde kyrkjelyden.

Soknerådet er ansvarleg for lokale planar, ref. § 12 i kyrkjeordning for Den norske kyrkja. Tilskotet er gitt for å styrke trusopplæringa for barn og unge, og skal nyttast til personalutgifter, driftsmidlar, inkludert aktivitetsrelaterte utgifter, samt utgifter til kurs, informasjonsarbeid, opplæring og administrasjon.

Vilkår for tildeling

Kyrkjeleg fellesråd skal:

1. Leggje til rette for at det blir utarbeidd lokale planar for trusopplæring for alle døypte mellom 0-18 år i alle kyrkjelydar i fellesrådsområdet, i samsvar med § 12 i kyrkjeordning for Den norske kyrkja.
2. Finne gode samhandlingsmåtar med sokneråda til beste for gjennomføring av godkjende lokale planar. Dette skal vere i tråd med ansvar og oppgåver slik dei er skildra i kyrkjeordninga.
3. Sørgje for at personalressursar og midlar til tilskot blir disponerte på ein måte som medverkar til at det blir gitt eit tilbod om trusopplæring i alle kyrkjelydar i tråd med vedtekne lokale planar
4. som valt organ vedta eit samla budsjett for midlane som kjem som tilskot frå Kyrkjerådet. Budsjettet skal mellom anna fordele midlane på personalkostnadar og midlar til drift. Fellesrådet skal òg vedta kor stor del av midlane til drift som kan disponerast av kvart sokn.
5. Føre rekneskap for tilskotet til trusopplæring og tilhøyrande utgifter. Rekneskapen må førast på eigen kostnadsstad/prosjekt pr. sokn slik at eigna rapportar kan takast ut. I dei tilfelle der sokneråda fører rekneskapen for driftsmidla, skal desse førast på ein eigen kostnadsstad og soknerådet skal rapportere til fellesrådet på bruken av midlane, slik at fellesrådet kan sende eit totalt oversyn til bispedømerådet over korleis tilskotet er nytta. Til saman skal dette gje oversyn over korleis heile tilskotet til trusopplæring frå bispedømerådet er nytta.
6. Sørgje for at rapportering av rekneskap og aktivitet blir følgt opp i samsvar med fastsette fristar og rutinar.

Framtidige tilskot til formålet er avhengig av ei vidareføring av tildeling frå departementet.

Rapportering

Rekneskap for den tildelte summen for 2022 skal innrapporterast til bispedømet så snart som mogeleg i 2023, men seinast innan 15. mai 2023. I tillegg ber vi om at eventuelle revisjonsmerknader i nummererte brev frå revisor, vert send til bispedømerådet så snart dei måtte liggja føre.

Tidleg rapportering medfører tidleg utbetaling.

Rekneskapen skal rapporterast på fastlagt skjema, sjå rapportskjema her (eller i vedlegg) https://intranett.kirken.no/nb/arbeidsstotte/administrasjon_og_okonomi/felles-okonomienhet---regnskap/tilskuddsforvaltning11/ (Excel-skjema med både bokmål og nynorsk versjon i kvar si fane)

Skjemaet er frå 2021 oppdatert og tilpassa «Forskrift om økonomiforvaltning i sokn.

Merk med følgjande arkivreferanse : 22/01096 og send til bjoergvin.bdr@kyrkja.no

Rapport for gjennomførte tiltak og vurdering av status for kyrkjelyden si trusopplæring i 2022 skal leverast innan 15. januar 2023 ved hjelp av det digitale planverktøyet for trusopplæring, <https://trusopplaring.kirken.no/>

Unytta midlar

Ved underforbruk/vakanse har fellesrådet høve til å omdisponere midlar mellom budsjettpostane. Endringane skal drøftast med dei kyrkjelydane det vedkjem. Større endringar skal berre skje etter avtale med bispedømerådet.

Også for 2022 vil unytta midlar på inntil ti prosent av totalt tildelt sum til fellesrådet, automatisk bli overført til neste budsjettår. Desse blir plassert i eit bunde fond. Det er ikkje høve til å akkumulere mindreforbruk over fleire år som utgjer meir enn ti prosent av årleg tildeling.

Unytta midlar over ti prosent av total tildelt sum går automatisk til frådrag i neste års løying og blir forvalta av bispedømerådet til trusopplæring i bispedømet. For tilskotsmottakarar med låg tildeling er grensa 20.000 kr, sjølv om det er meir enn ti prosent av tildelinga.

Fellesrådet skal gje melding til bispedømerådet så raskt som mogleg, og seinast innan 1. mars, dersom det viser seg at dei har unytta midlar utover dette.

Tilgang til kontroll og moglege sanksjonar

Bispedømerådet og/eller Felles økonomieining kan gjennomføre naudsynt kontroll av at dei tildelte midlane blir nytta etter føresetnadene i dette tildelingsbrevet. Dersom det i ettertid viser seg at tilskotet ikkje er nytta til det gitte formålet, kan bispedømerådet krevje deler eller heile summen betalt tilbake.

Bjørgvin bispedømekontor 28. april 2022

*Jan Ove Fjellvæit,
stiftsdirektør*